



Bkk Nett AS
Eirik Mjelde
Postboks 7050
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3237 - 19/22595

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
17.07.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 217/3 Romarheim

Tiltak: Nettstasjon
Byggjestad: Gbnr: 217/3
Tiltakshavar: BKK Nett AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om dispensasjon for plassering av nettstasjon den 01.07.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Før Lindås kommune kan sende saka over til Statens vegvesen for handsaming av saka etter veglova, treng vi søknad om dispensasjon frå LNF føremålet i reguleringsplanen for E39 Eikefet – Romarheim. Etablering av ein ny nettstasjon i LNF område er ikkje i samsvar med arealføremålet og krev at det vert sendt inn grunngjeven søknad om dispensasjon.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn innan 19.08.2019. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bkk Nett AS

Postboks 7050

5020

BERGEN

Mottakarar:

Bkk Nett AS

Postboks 7050

5020

BERGEN